



# Sjukepleiar med vidareutdanning innan psykisk helse og rusfeltet

Helseeininga, Austrheim kommune

Søk på stillinga 

## Er dette deg ?

### Lyttande, empatisk , undrande og nysgjerrig

Austrheim kommune søker etter motivert og engasjert medarbeidar til 100 % prosjektstilling i inntil 4 år, med mogelegheit for fast tilsetjing.

Psykisk helse og rusfeltet er organisert under Helseeininga i Austrheim kommune. Tenesta består av fagleiar/psykiatrisk sjukepleiar, arbeidsleiar i arbeids- og aktivitetsretta tiltak, miljøterapeut og erfaringskonsulent, samla 4 årsverk. Tenesta samarbeider tett med andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta og har ein recoveryorientert grunnhaldning.

Kommunen har mottatt statlege midlar for å styrka tenesta til menneske med rus og psykiske helsevanskar. Eit av fokusområda er førebygging og tidleg intervensjon for barn, unge og unge vaksne. Andre utviklingsområde er arbeidet med brukar og pårørande medverknad, samt styrke tverrfagleg samhandling og koordinering av tenester.

Som medarbeidar hjå oss vil vi at du skal representera ein moglegheit til forandring.

 Søknadsfrist:	<b>14.08.2023</b>	 Stillingar:	<b>1</b>
 Arbeidsgivar:	<b>Austrheim kommune</b>	 Heiltid / Deltid:	<b>Heiltid</b>
 Stad:	<b>Austrheim,</b>	 Tilsetjingsfor...:	<b>Engasjement</b>
 Stillingstittel:	<b>Sjukepleiar med vidareutdanning innan psykisk helse og rusfeltet</b>	 Stillingsprose...:	<b>100</b>
		 Webcruiter-ID:	<b>4682396512</b>
		 Sosial deling :	   

## Arbeidsoppgåver

- Individuell oppfølging av enkeltbrukarar og grupper
- Utviklingsarbeid for heilskapelege tenester og kvalitet på tenesta
- Vera ein ressurs innan rusarbeid/ førebyggjande arbeid saman med blant andre skulehelsetenesta og ungdomscoordinator
- Styrke pårørande si rolle
- Tverrfagleg samarbeid med interne og eksterne parter.
- Koordinerande ansvar
- Dokumentasjon og journalføring i fagsystemet
- Medikamenthandtering

## Kvalifikasjonar

- Bachelor i sjukepleie med relevant vidareutdanning
- Erfaring frå psykisk helsearbeid
- Arbeidet krev stor grad av sjølvstende og tryggleik, evne og vilje til utstrekt tverrfagleg samarbeid og koordinering med andre aktuelle samarbeidspartar
- Gode munnlege og skriftlege norskkunnskapar
- Førarkort klasse B
- Gyldig politiattest må leggjast fram før tilsetting

## Personlege eigenskapar


- Imøtekommande, tillitsbyggjande og i stand til å skape gode relasjonar
- Evner å sjå heile mennesket og påverknad den einskilde står i
- Du er trygg på deg sjølv i rolla di, ansvarsfull og tolmodig
- Er ein naturleg lagspiller, med evne til å arbeide strukturert og sjølvstendig
- Fleksibel og løysningsorientert

Personlege eigenskapar vil bli vektlagt

## Vi tilbyr

- Arbeidsvilkår etter gjeldande lovar, regler og avtaleverk
- Lønn etter avtale
- God pensjonsordning KLP
- Austrheimmodellen- ein modell for rekruttering
- Arbeidstid 37,5 t/v. På sikt kan det verta aktuelt med noko arbeid på ettermiddag/kveld

Sætremarka 2, 5943 Austrheim, Norge



📍 Opne vegbeskriving [↗](#)

📍 Opne vegbeskriving

Kontaktinformasjon



**Kristine Fanebust**

Fagleiar psykisk helse og rus

☎ +4790090954

✉ [kristine.fanebust@austrheim.kommun.e.no](mailto:kristine.fanebust@austrheim.kommun.e.no)



**Grethe Korsøen**

Einigsleiar helse

☎ +4747460982

✉ [grethe.korsoen@austrheim.kommun.e.no](mailto:grethe.korsoen@austrheim.kommun.e.no)

Austrheim kommune (ca. 3000 innb.) Tett på Bergen og industrieventyret på Mongstad, er utgangspunktet for utvikling av framtidskommunen til stades. Naturen og kulturen i det særprega kystsamfunnet er kanskje det viktigaste grunnlaget for gode liv i Austrheim - både om du flyttar hit for ein spennande jobb, eller om du ynskjer å vere med å skape livskvalitet for dei som allereie bur her. Austrheim inviterer deg til opne landskap - med eit ope sinn!



[Bruksvilkår](#) [Tilgjengelegheitserklæring for Webcruiter](#)